

Eksamen

24. november 2016

FOT 2002

Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Fotterapi og ortopediteknikk

Nynorsk/Bokmål

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillate, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Viss du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid oppgje desse på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurdering	<p>I denne oppgåva blir det ved sensurering lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kommunikasjon i samhandling med pasientar og samarbeidspartnarar• Motivasjonsfaktorar som stimulerer til læring og opplevingar• Drøfte kva respekt, toleranse og omsorg inneber for foterapeuten/ortopediteknikaren• Vite kva teieplikt og personvern inneber for foterapeutar og ortopediteknikarar
Andre opplysningar	Alle oppgåvene skal svarast på. Avskrift vert ikkje lønt. Du kan løyse oppgåva i høve til eige yrkesval.

Oppgåve 1

Mange pasientar kan ha opplevd store psykiske traume rett før dei er i møte med deg som yrkesutøvar. Dei kan ha fått sterke inntrykk som kan prege dei resten av livet.

Eksempel på dette kan vere å miste en arm, eller dei kan ha mista ein som stod dei veldig nær.

- a) Drøft kva det vil seie å opptre profesjonelt i ein slik situasjon.
- b) Gi eksempel på kva for symptom eller teikn på psykiske reaksjonar du vil kunne finne hos desse pasientane.
- c) Gjer greie for kva for samarbeidspartnarar du har i slike situasjonar, og korleis du vil halde deg til teieplikta.

Oppgåve 2

Du arbeider i team i ei bedrift. Tenk deg at du denne dagen har vore med på å lage eit hjelpemiddel til ei eldre dame for å betre gangen hennes.

I dine auge er dette ein enkel ting, men for henne verkar det som ei stor utfordring. Ho strittar imot, og har vanskeleg for å samarbeide med deg og kollegaen din.

- a) Vurder ulike metodar for motivasjonsfaktorar du vil kunne bruke i en slik situasjon.
- b) Gi eksempel på korleis du kan stimulere til samarbeid med pasienten.
- c) Drøft eventuelle konfliktsituasjonar som kan oppstå i denne samanhengen, og korleis du vil stille deg til det.

Oppgåve 3

Du er invitert i eit sosialt samvære der du treffer dottera til ein av pasientane dine.

Ho fortel deg at mora er alkoholikar. Når mora er påverka av alkohol, skadar ho seg sjølv.

Dottera er redd for kva mora kan gjere og er tydeleg frustrert over at ho ikkje veit korleis ho skal stille seg til dette. Ho seier at ho treng hjelp.

- a) Gjer greie for teieplikta i dette høvet.
- b) Drøft korleis du vil stille deg til dette, med tanke på respekt, toleranse og evne til å utøve omsorg på ein profesjonell måte i dette tilfellet.
- c) Fortell om kva som kan gå gale viss du oppfører deg feil.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det ved sensurering lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• Kommunikasjon i samhandling med pasienter og samarbeidspartnere• Motivasjonsfaktorer som stimulerer til læring og opplevelser• Drøfte hva respekt, toleranse og omsorg innebærer for foterapeuten/ortopediteknikeren• Vite hva taushetsplikt og personvern innebærer for foterapeuter og ortopediteknikere
Andre opplysninger	Alle oppgaver skal besvares. Avskrift belønnes ikke. Du kan løse oppgaven i forhold til eget yrkesvalg.

Oppgave 1

Mange pasienter kan ha opplevd store psykiske traumer rett før de er i møte med deg som yrkesutøver. De kan ha fått sterke inntrykk som kan prege dem resten av livet.

Eksempler på dette kan være å miste en arm, eller de kan ha mistet en som stod dem veldig nær.

- Drøft hva det vil si å opptre profesjonelt i en slik situasjon.
- Gi eksempler på hvilke symptomer eller tegn på psykiske reaksjoner du vil kunne finne hos disse pasientene.
- Gjør rede for hvilke samarbeidspartnere du har i slike situasjoner, og hvordan du vil forholde deg til taushetsplikten.

Oppgave 2

Du arbeider i team i en bedrift. Tenk deg at du denne dagen har vært med på å lage et hjelpemiddel til en eldre dame for å bedre gangen hennes.

I dine øyne er det en enkel ting, men for henne virker det som en stor utfordring. Hun stritter imot og har vanskelig for å samarbeide med deg og din kollega.

- Vurder ulike metoder for motivasjonsfaktorer du vil kunne benytte i en slik situasjon.
- Gi eksempler på hvordan du kan stimulere til samarbeid med pasienten.
- Drøft eventuelle konfliktsituasjoner som kan oppstå i denne sammenhengen og hvordan du vil forholde deg til det.

Oppgave 3

Du er invitert i et sosialt samvær hvor du treffer datteren til en av dine pasienter.

Hun forteller deg at moren er alkoholiker. Når moren er påvirket av alkohol, skader hun seg selv.

Datteren er redd for hva moren kan gjøre, og er tydelig frustrert over at hun ikke vet hvordan hun skal forholde seg til dette. Hun sier at hun trenger hjelp.

- Gjør rede for taushetsplikten i dette tilfellet.
- Drøft hvordan du vil forholde deg til dette med tanke på respekt, toleranse og evne til å utøve omsorg på en profesjonell måte i dette tilfellet.
- Fortell hva som kan gå galt hvis du opptrer feil.



www.vigoiks.no/eksamen